



PROSEDYRE FOR TIDLEG SAMHANDLING OM ELEVAR MED BEKYMRINGSFULLT FRÅVÆR

Gjeldande lovverk: Opplæringsloven, Forvaltningsloven, Barnevernloven
2023

FORMÅL

Målet med prosedyren er å få til tidleg koordinering av handling og ressursbruk for elevar som har stort fråvær frå undervisninga i grunnskulen.

Prosedyren skal gi gode rutinar for registrering og oppfølging av fråvær, slik at vi kan unngå skulevegning og skulk og setje inn tiltak så tidleg som råd.

GENERELT

- Dei fleste born og unge går på skulen frivillig og utan problem. Det er likevel nokre som har vanskar med å komme seg på skulen, og det er viktig med informasjon om korleis skulen møter elevar med bekymringsfullt fråvær
- Rektor må gå grundig gjennom fråværsrutinar med personalet ved starten av kvart skuleår
- Informasjon om rutinar må gjevast på foreldremøte. Vi vil arbeide for at skulen og foreldra skal ha same haldningar om kva som er "akseptable" fråværsgrunnar. Gode rutinar for kommunikasjon mellom heim og skule er viktig.
- Informasjon om rutinar må gjevast på foreldremøte. Vi vil arbeide for at skulen og foreldra skal ha same haldningar om kva som er "akseptable" fråværsgrunnar. Gode rutinar for kommunikasjon mellom heim og skule er viktig.
- Høgt fråvær definerast som: fråvær over 15 % oppsummert over maks 3 månader. (9-10 dagar)
- Alt som blir gjort etter pkt 1-10 nedanfor skal dokumenterast med logg og møtereferat. Dette skal leggjast på eleven si mappe.
- Denne prosedyren skal gjerast kjend for dei føresette.

BESKRIVING AV PROSEDYREN

ANSVAR

GJENNOMFØRING

1. Alt fråvær skal registrerast av kontaktlærer. Faglærer skal melde frå til kontaktlærer.
2. Føresette skal levere sms til skulen via Transponder ved alle typer fråvær, også timefråvær. (Permisjonar skal søkast skriftleg på vanleg måte)
3. Kontaktlærer skal ta kontakt med føresette dersom slik melding manglar.
4. Ved fråvær på meir enn tre dagar, skal føresette ta munnleg kontakt med skulen og melde frå om årsaka til fråværet.

Faglærer/
kontaktlærer

Føresette

Kontaktlærer

Føresette

<p>5. Dersom skulen ikkje får ei slik melding innan tre dagar, skal kontaktlærar ta kontakt med føresette</p>	<p>Kontaktlærar</p>
<p>6. Dersom ein elev har høgt fråvær, skal kontaktlærar ta dette opp med elev og føresette, og tiltak skal drøftast. Kontaktlærar skal orientere skulen si leiing skriftleg. Elevar med høgt fråvær som kan skuldast kronisk sjukdom eller er behandling, leverer legeerklæring. Rektor/kontaktlærar skal skriftleg informere føresette om plikt og rett til grunnskuleopplæring; jfr. Opplæringsloven § 2-1.</p>	<p>Kontaktlærar/ rektor/inkluder ringsteamet</p>
<p>7. Dersom fråværet held fram, skal elev og føresette få tilbod om samtale med helsesøster eller rektor på skulen innan 14 dagar.</p>	<p>Kontaktlærar / helsesjokepleiar / rektor</p>
<p>8. Dersom fråværet held fram, innkallar kontaktlærar innan 14 dagar, til møte med føresette, elev, eventuelt helsesøster og rektor. Skulen presenterer forslag for tilrettelegging. Gruppa vurderer om saka skal meldast til barnevernet. Sjå pkt 10.</p>	<p>Kontaktlærar / skuleleiing / helsesjokepleiar</p>
<p>9. Gruppa (jf. pkt. 8) drøftar eleven sin situasjon og utarbeider konkrete tiltak. Gruppa drøftar vidare tiltak på skulen sine tverrfaglege samarbeidsarenaer. Med foreldra sitt samtykke blir saka meldt til PPT; og til tverrfagleg fagteam i BFH (barn-familie-helse) slik at dei kan gi ei tilråding til vidare handsaming. Føresette tek evt kontakt med fastlege for vidare tilvising til BUP</p>	<p>Inkluderingssteam / rektor</p>
<p>10. Dersom det er mistanke om omsorgssvikt, eller eit barn viser vedvarande alvorlege åtferdsvanskar, har kvar enkelt tilsett meldeplikt til barnevernstenesta. I saker vedr. bekymringsfullt fråvær skal føresette underrettast om melding til barnevernet. (Åtferdsvanskar treng ikkje vere utagering, men kan også vere t.d. å "stenge seg inne," skulevegring osv.)</p>	<p>Kvar enkelt tilsette</p>
<p>11. Ved melding til barneverntenesta, er barnevernet ansvarleg for å gjennomføre ei undersøking innan 3 mndr. Jfr lov om Barnevern § 4-3. Konklusjonen på undersøkinga, samt føresette sitt samtykke, vil avgjere om barneverntenesta kan setje inn frivillige hjelpetiltak i heimen.</p>	<p>Barnevernet / føresette</p>

Informasjon til føresette - Når skulefråvær bekymrar oss

Problematiske skulefråvær og skulevegring

Dei fleste barn og unge går på skulen frivillig og utan problem. Det er likevel nokre som har vanskar med å kome seg på skulen. Skulefråvær over to veker, utan gyldig fråvær, kan kallast skulevegring. Eleven kan vere borte heile dagen, eller delar av skuledagen. Det finst mange grunnar til at barn og unge ikkje klarer å gå på skulen. Det kan vere angst, depresjon, søvnevanskar, vanskar i samspelet mellom barn og foreldre, eller andre vanskar i heimen. Det kan også skuldast noko som er vanskeleg på skulen, slik som mobbing, bråk i klassa, stadig skifte av lærarar eller manglande tilrettelegging for barn med spesielle behov.

Når kan skulevegring oppstå?

Skulevegring kan oppstå gjennom heile den skulepliktige alder, men det er ein auka risiko i samband med skulestart og overgangar frå til dømes barneskule til ungdomsskule. Skulevegring kan også oppstå i samband med byte av skule, ved oppstart etter feriar og etter periodar med sjukdom. Oppmøtevanskane begynner ofte i det små, med fråvær i nokre timar, delar av dagen eller enkelte dagar. Ofte blir skulevegring meir tydeleg på ungdomsskulen, når forventningspresset aukar. Stress og traumatiske opplevingar spelar også ei rolle.

Korleis har dei det?

Det er viktig å merke seg at barn og unge som har skulevegring, ikkje berre unnlet å møte på skolen fordi dei ikkje vil, eller ikkje har foreldre som stiller opp. Som oftast er det ein kombinasjon av fleire årsaker som ligg bak skulevegringen. Barn og unge som vegrar seg for å gå på skulen, ønskjer eigentleg å gå, men greier det ikkje. Dei har det vondt, og det gir seg ofte utslag i kroppslege plagar som vondt i magen, kvalme og vondt i hovudet. Dei får kanskje ikkje sove, og endar ofte med å snu døgnet. Dei kan gråte, rase og hyle om morgonen, og sette seg fysisk til motverge. Foreldre opplever store vanskar med å få barnet på skulen, og føler seg oftast svært makteslause. Det er ei stor påkjenning for heile familien, sjølv om det ikkje nødvendigvis er synleg for utanforståande som møter dei i ein annan situasjon. Mange foreldre kjenner seg utilstrekkelege.

Informasjon og samarbeid Informasjon om korleis skulen møter elevar med bekymringsfullt fråvær må vere lett tilgjengeleg for alle. Skulen si leiing må jamleg informere tilsette om rutiner og dele ut denne brosjyra. Skulen må allereide på første foreldremøte drøfte med foreldra kva som er "akseptable" fråværsgrunnar. Gode rutiner for kommunikasjon mellom heim og skule er viktig. Eit godt samarbeid er naudsynt for vellykka tilbakeføring til skulen, og oppnåast best ved ein åpen, praktisk og løysningsorientert haldning. Helsesøster, PPT, barnevern, Psykisk helseteam for barn og unge, samt andre instansar er viktige samarbeidspartnarar i saker der elevar har eit bekymringsfullt skulefråvær. Ta kontakt med hjelpeapparatet så tidleg som mogleg.

Andre tiltak

Tilhøve ved skulen som kan skape vanskar for eleven, må bearbeidast. Ein må sjå på det fysiske miljøet, klassemiljøet, skulemiljøet og heimemiljøet generelt. Ein må også sjå på eleven sin situasjon og utarbeide konkrete tiltak som blir evaluert jamnleg. Gode rutiner for registrering og oppfølging av fråvær er naudsynt for å oppdage skulevegring tidleg. Kunnskap om psykiske vanskar, struktur og forutsigbarheit i klassa, kombinert med evt. individuell tilrettelegging er viktige faktorar på skulen for å kunne forhindre utvikling av skulevegring.

Erfaring viser at det er viktig å setje inn tiltak tidleg.

Vidare tilvising. Dersom barnet/ungdomen har psykiske vanskar, og kommunale tiltak ikkje hjelper, må det tilvisast til barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk, BUP. Dette må evt. primærlege gjere etter samtale med føresette og eleven. Barnevernstenesta skal sikre at barn og unge ikkje lever under tilhøve som kan skade deira helse og utvikling. Ved skulevegning kan barnet og familien ha behov for, og god nytte av hjelpetiltak gjennom barnevernstenesta. Foreldre kan sjølve ta kontakt for å få hjelp, gjerne i samarbeid med skule. Dersom det er mistanke om omsorgssvikt, eller eit barn viser vedvarande alvorlege åtferdsvanskar, har skule plikt til å informere barnevernstenesta.

Nyttig internettadresse: www.psykiskhelseiskolen.no